

1 Ja til eit organisert arbeidsliv, ogso i luftfarten!

2 I oktober vart det kjend at det ungarske flyselskapet "Wizzair" skulle starte med
3 innanriksruter i Noreg. Selskapet er et sokalla "lågprisselskap" som sel
4 flybilletter til under hundrelappen i landet vårt.

5 Samstundes er selskapet kjend for å presse arbeidstakarar til å ikkje organisere
6 seg og å utnytte pilotar. Wizzair-leiar Josef Varadi uttalde sjølv i ein
7 presentasjon av innanriksrutene sine i Noreg at Wizzair er "eit flyselskap utan
8 fagforeiningar".

9 I Noreg står moglegheita for å organisere seg sterkt. Dette har bidrege til at vi
10 har eit trygt og føreseieleg arbeidsliv, og eit land med små skilnader. Det å
11 nekte arbeidstakarar å organisere seg er et brot på grunnlova vår og
12 menneskerettigheitene jf. §23-4 i menneskerettsfråsegna: "Ein kvar har rett til å
13 danne og gå inn i fagforeiningar for å verne om sine interesser.»

14 I lys av Wizzair sitt inntog på den norske marknaden og koronakrisa slit norske
15 flyselskap som SAS og Norwegian med å overleve og oppretthalde gode
16 flytilbod over heile landet. Senterungdomen meiner at useriøse utanlandske
17 flyselskap ikkje kan utnytte koronasituasjonen til å ta seg inn på
18 innanriksmarknaden i Noreg. Dette vil på sikt svekkje tilliten til norsk arbeidsliv
19 og rutetilboda i distrikta.

20

21 Senterungdommen meiner at :

22 - Vi som organisasjon boikottar Wizzair so lengje dei ikkje oppfordrar til eit
23 organisert arbeidsliv.

24 - Alle flyselskap som opererer med innanriksruter i Norge ikkje skal rå i frå eller
25 nekte arbeidstakarar å organisere seg.

26 - Oljefondet skal selje seg ut av Wizzair.

- 27 - Noreg skal forby "pay-to-fly"-ordninga, der pilotane ikkje får betalt medan
28 utdanninga går føre seg i lufta.
- 29 - Flyselskapa sin driftslisens skal knytast opp mot arbeidsrettslege forhold
- 30 - Noreg skal vere ein pådrivar for internasjonale bestemmingar rundt
31 arbeidsrettslege forhold i luftfarten.
- 32
- 33 Innsender: Møre og Romsdal (innkommen 3. november)